

TEMA: Kremmerleier Ⓓ105, Frå tjodveg Ⓓ84

KART: Ⓒ440

# Skånevik



Postskyss på steinkvelvingsbrua på Tjelle (rekonstruksjon). Postvegen mellom Skånevik og Etne vart bygd ved pliktarbeid, og bøndene hadde ansvaret for vedlikeholdet. Veggstrekninga vart rekna som tung og strevsam, særleg om vinteren.

## GAMLE FERDSLEVEGAR

Driftevegen gjennom Stordalen gjennom Øyno, og vidare over fjellet til Røldal, er ein av dei gamle ferdslevegane mellom aust og vest. Heilt frå mellomalderen har dette vore ei sentral sambandsline. Røldal kyrkje var ein av dei viktige valfartsstadene (Ⓒ400), og den årvisse Røldalsmarknaden trekte til seg mykje folk til langt fram på 1800-talet.

Postvegen frå Skånevik til Etne er ein del av sambandet nord-sør: den "Stavangerske Posttour". Postvegane vart bygd ut med gradvis høgare standard etter at posttenesta vart fastare organisert midt på 1600-talet. Først på 1800-talet vart desse vegane køyreveggar (Ⓓ85). Postvegen mellom Skånevik og Etne er sett i god stand som turveg.



Utsyn frå postvegen mot Etne.

## NORSK MOTORMUSEUM

I dei tidlegare produksjonslokala til Sunnhordland Mekaniske Verkstad finn du ein av dei største motorsamlingane i Noreg. Hovudvekta er lagd på norskproduserte motorar. Alt i 1895 vart dei første motorane installerte i fiskeflåten. Dette førte med seg ein revolusjon innanfor næringa. Det har vore over 140 motorfabrikkar i Noreg, og Vestlandet var eit tyngdepunkt for denne verksemda. I Sunnhordland var det ei rekkje motorprodusentar, og samlinga i Skånevik gjev eit spanande nærbilete av dette.

Det er berre to bygningar att av den gamle handels- og gjestgjevarstaden i Skånevik. Dei står midt i sentrum tett ved hovudvegen som går gjennom bygda. Dei andre bygningane som høyrde til staden, losjibuset («Holteriet»), bakeriet, tingstova, nauset og sjøhuset med krambu vart rivne mot slutten av 1900-talet.



«Fra Skånevik». Lars Hertervig, 1855.

I 1730-åra dreiv NILS JACOBSEN SCHANCHE ei kro i Skånevik utan løyve. Embetsmenn karakteriserte kroa som «ufornøden baade for almuen og Reisende, thi Reisende kommer der icke, og almuen har begaaet adskillige insolventier med drick og Slagsmaal i dette Kroehus».

Frå 1785 dreiv MORTEN ROSENDAHL som kremmar og gjestgjevar i Skånevik. Det er truleg han som har bygt den noverande hovudbygningen, med eit symmetrisk grunnplan som vart vanleg i Bergen frå midten av 1700-talet. Utover 1800-talet hadde staden fleire eigarar. IVAR AASEN var losjerande på gjestgjevarstaden hos NILS NILSEN SJØE i 1844, då han ei tid dreiv dialektstudiar i Sunnhordland.

Chr. Bjelland kjøpte heile gjestgjevaranlegget i 1908. No vart hovudbygningen nytta til internat for kvinnelege fabrikk-

arbeidarar. Huset har seinare gått under namnet «Tippehuset». Hermetikkfabrikken vart bygd på staden der sjøhuset med krambua stod.

Tippehuset kom meir og meir i forfall utover på 1900-talet. I 1979 vart stiftinga Gjstgjevargarden skipa. Huset vart gjeve som gåve frå Norway Foods, og ei omfattande restaurering starta.



Gjestgjevarstaden («Tippehuset»).